

Joakim ikkje bitter eller lei seg

29.11.2011

Uskedelingen Joakim Myhre Eik som måtte ut frå Big Brother-huset etter 91 dagar og ei veke før finalen er ikkje bitter eller lei seg. Han har fått mange positive tilbakemeldingar på korleis han tedde seg i isolasjonen.. Han har ikkje vore nokon andre enn seg sjølv om vonar folk har sett at han er mest ein grei gut, seier han til Grenda. Mange beklagar at han måtte ut i tolvte time.

I dag er han i Oslo hos bror sin men skal attende til Stockholm og finaefest til helga, fortel mor Bente til uskedalen.no

Om framtida seier han at opphaldet har gjeve han eit spark bak til å ta fatt på skulegang igjen. Han manglar litt fag frå vidaregåande og tek sikte på høgare utdanning innan helse og kanskje innan psykiatrien.

Han vonar at Tine, som han vart svært god ven med, vinn Big Brother. Joakim kallar mykje av det som skjedde i Huset absurd, til dømes dei sære og spesielle vokesoppdraga. Men ved å leve saman i ei slik boble gjev deltakarane eit svært tett samhald og dei får vener for livet.

Av Ola Matti Mathisen